



Roald Moldekleiv  
Ådlandsvegen 284  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2231 - 14/9152

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
11.06.2014

## Godkjenning - fritak frå vassavgift - gnr. 27, bnr. 9 på Moldekleiv.

**Administrativt vedtak. Saknr: 149/2014**

### Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 09.05.2014, søkt om fritak frå vassavgift for våningshuset på gnr. 27, bnr. 9 på Moldekleiv. Søknaden er grunngjeven med at eigedomen er fråkopla det kommunale vassverket.

Det ligg føre skriv frå Haugland VVS, dagsett 07.05.2014, som stadfester at eigedomen fysisk er fråkopla kommunalt vassverk.

### Vurdering:

I samsvar med Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune, § 11 siste avsnitt, kan det gjevast fritak frå årsgebyr for vatn, når gebyrpliktig eigedom fysisk er kopla frå kommunen sitt leidningsnett. Slikt arbeid må dokumenterast av ein røyrleggjar.

Ettersom det ligg føre dokumentasjon frå Haugland VVS om at vatnet fram til våningshuset er kopla frå det kommunale leidningsnettet, kan det difor gjevast fritak frå vassavgifta.

### Vedtak

«Meland kommune viser til saksutgreiinga og vurderinga og gjev frå 01.05.2014 fritak frå årsgebyr for vatn for våningshuset på gnr. 27, bnr. 9 på Moldekleiv.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune.

Vedtaket er gjort administrativt i medhald av delegert mynde frå rådmannen.»

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Roald Moldekleiv

Ådlandsvegen 284 5918

FREKHAUG